




# Lovpålagte – ikke lovpålagte tenester og oppgaver



# Bakgrunn for saka



- ▶ Kommunen har ei rekkje oppgåver som følgjer direkte av lov- og regelverk, i tillegg til oppgåver som kommunen sjølv har valt å tilby ut over lovkrava
- ▶ Denne orienteringssaka er meint å gje kommunestyret ei samla oversikt over kommunen sitt ansvarsområde, med skilje mellom lovpålagde og ikkje-lovpålagde tenester og funksjonar
- ▶ Oversikta bør nyttast som kunnskapsgrunnlag i samband med prioriteringar, budsjettarbeid, organisering og omstilling



# Helse og omsorg



- ▶ Kommunen har eit omfattande ansvar innan helse og omsorg. Dei fleste tenestene på området er lovpålagde etter helse- og omsorgstenestelova, smittevernlova og folkehelselova
- ▶ Lovpålagde tenester omfattar mellom anna:
  - ▶ Fastlegeteneste (allmennlegeteneste)
  - ▶ Legevakt og akutt helsehjelp
  - ▶ Kommunal augeblikkeleg hjelp – døgnplass (KAD)
  - ▶ Kommuneoverlegefunksjon
  - ▶ Helsestasjon (0–5 år)
  - ▶ Skulehelseteneste (5–20 år)
  - ▶ Heimetenester (sjukepleie og praktisk bistand)
  - ▶ Sjukeheim og heildøgns omsorg
  - ▶ BPA, støttekontakt
  - ▶ Psykisk helse- og rustenester



# Helse og omsorg

- Rehabilitering
- Smittevern
- Dagtilbod for personar med kognitiv svikt
- Systematisk folkehelsearbeid

I tillegg tilbyr kommunen fleire tiltak som ikkje er lovpålagde. Dette omfattar:

- Tryggleiksalarm
- Middagsombringning
- Frisklivstilbod
- Omsorgsbustader
- FACT-team
- Intermediæravdeling (IMA)



# Landbruk og teknisk



Kommunen har eit vidt spekter av lovpålagde oppgåver innan tekniske tenester, miljø og landbruk

- Disse omfattar mellom anna:
  - Vassforsyning, avlaup og spreidd avlaup
  - Renovasjon
  - Brann- og redningsteneste
  - Drift og vedlikehald av kommunale vegar
  - Byggjesakshandsaming og tilsyn
  - Kart, oppmåling, matrikkelføring og stadnamn
  - Areal- og samfunnsplanlegging
  - Forvaltning av landbruk, skog, vilt og utmark
  - Motorferdsel i utmark og friluftsförvaltning




# Landbruk og teknisk



- ▶ Dei fleste oppgåvene i landbruk og teknisk er lovpålagte. Nokre kostnader er likevel knytt til oppgåver som ikkje er lovpålagte i seg sjølve, men som følgje av kommunale val, som til dømes bygningar og vegar
- ▶ Drift, reinhald og vedlikehald er da en konsekvens av eigarskapen, ikkje av eit direkte lovkrav. Slik som:
  - Kommunale bustader
  - Samfunnshus



# Utdanning og kultur




- ▶ På oppvekstområdet har kommunen ansvar for flere sentrale tenester som er klart regulerte i lovverk
- ▶ Lovpålagde tenester inkluderer:
  - ▶ Grunnskule
  - ▶ Skulefritidsordning (SFO)
  - ▶ Barnehage
  - ▶ Pedagogisk-psykologisk teneste (PP-tenesta)
  - ▶ Vaksenopplæring
  - ▶ Folkebibliotek
  - ▶ Introduksjonsprogram
  - ▶ Introduksjonsstønad



# Utdanning og kultur

- Kulturskule er heimla i opplæringslova, men omfanget er ikkje lovpålagt
- Vidare tilbyr kommunen kultur- og fritidstiltak som ikkje er lovpålagde:
  - Fritidsklubb
  - Frivilligsentral
  - Kulturarrangement
  - Tilrettelegging av turstiar
  - Skilting
  - Badeplassar
  - Integreringstiltak utover lovpålagde ordningar



# Andre kommunale tenester



- ▶ Kommunen har lovpålagt ansvar for mellom anna:
  - ▶ NAV-tenester – sosialhjelp, bustad og oppfølging
  - ▶ Barnevern
  - ▶ Beredskap
  - ▶ Miljøretta helsevern
  - ▶ Bustadsosialt ansvar
  - ▶ Gjennomføring av stortings-, kommunestyre- og folkerøystingar

I tillegg kjem frivillige oppgåver som drift av samfunnshus, næringsutvikling og kommunale bustader- dette er ikkje lovpålagt



# Administrasjon og politisk organisering



Kommunen er pålagt å ha ein kommunedirektør som øvste administrative leiar, samt ein administrasjon som kan ivareta alle lovpålagde oppgåver. Dette omfattar støttefunksjonar innan økonomi, HR, arkiv, sakshandsaming og internkontroll

- ▶ Etter kommunelova er følgjande politiske organ lovpålagde:
  - ▶ Kommunestyre (minst 11 medlemmar)
  - ▶ Formannskap (minst 5 medlemmar)
  - ▶ Kontrollutval (minst 3 medlemmar)
  - ▶ Partssamansett utval (administrasjonsutval og AMU)

Vidare er kommunen pålagt å ha medverknadsorgan i form av eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetjing og ungdomsråd



# Tilskot



- Kommunen er lovpålagt å gje økonomisk tilskot til Den norske kyrkja si lokale verksemd, inkludert drift og vedlikehald av kyrkjebygg og finansiering av naudsynt bemanning
  - Kommunen kan velje å yte enkelte tenester i staden for reine tilskot
  - Nokre kommunar bidreg ut over minimumet, medan andre berre gjev det som er heilt nødvendig
- Kommunalt tilskot landbruk - ikkje lovpålagt
- Kommunalt tilskot næring – ikkje lovpålagt
- Kommunalt tilskot til idrett og kultur – ikkje lovpålagt
- Kommunalt tilskot til bustadføremaal - ikkje lovpålagt



# Handlingsrom

Kommunen sitt handlingsrom kan oppsummerast i tre hovudkategoriar:


## 1. Lovpålagde oppgåver:

Desse tenestene må kommunen levere etter lov. Kommunen kan ikkje velje dei bort, men har avgrensa handlingsrom når det gjeld:

- Organisering
- Samarbeidsløysingar
- Tenestenivå
- Effektivisering - så lenge lov- og kvalitetskrav vert oppfylte



# Handlingsrom



## 2. Delvis lovpålagde oppgaver:

- ▶ Nokre oppgaver er lovfesta, men omfang og innhald er ikkje detaljstyrt i lov, til dømes kulturskule. Her har kommunen reelt politisk handlingsrom til å justere nivå og prioriteringar

## 3. Ikkje-lovpålagde oppgaver:

Desse tiltaka er frivillige kommunale prioriteringar. Kommunen har fullt handlingsrom til å:

- ▶ Vidareføre
- ▶ Endre
- ▶ Redusere
- ▶ Eller avvikle desse tilboda, basert på politiske mål og økonomisk situasjon

